



## For tidlige fødsler – eller født av Gud?

Av Sven A. Berglund

**"Mennene i byen sa til Elisa: Byen ligger godt til, som min Herre ser. Men vannet er dårlig, og landet lider av for tidlige fødsler. Da sa han: Hent en ny skål til meg og legg salt i den! Så gjorde de det. Og han gikk ut til det stedet hvor vannet strømmet fram, og kastet salt nedi og sa: Så sier Herren: Når har jeg gjort dette vannet friskt, og det skal ikke mer volde død eller for tidlige fødsler. Og vannet ble frisk og har vært så til denne dag, etter det ord Elisa hadde talt."** 2. Kongebok 2.19–22.

Situasjonen som oppstod i Jeriko er noe som taler rett i vår tid. Den dypeste nøden i våre organisasjoner og bedehusforsamlinger er mangelen på sann vekkelse og åndelige fødsler. Nå sier Ordet at alt som før er skrevet, er skrevet oss til lørdom. Derfor er det en bønn i mitt hjerte at

den som leser, må stanse opp og be om at Den Hellige Ånd får gi deg av sin øyensalve så du kan se.

Når vi møter profeten Elisa ved Jeriko, så er det første dagen i en ung forkynners liv. Allerede fra første dagen Elisa bar profetkappen etter Elias, så sa både kongen og folket: "Hos ham er Herrens Ord." Elias blir tatt opp i herlighet. Elisa river istykker sine klør. Det er et tegn på sorg. Men først og sist er det et tegn på at han forlater det gamle og begynner et nytt liv. Et liv i Ordets tjeneste. Han tar opp profetkappen. Å, du for et kall. For en nød, sorg, smerte og glede på samme tid.

Friskt og sunt vann er viktig for alle mennesker. Slik var det også i Israel. Isak gravde opp de gamle brønnene, og tjenerne fant en kilde med levende vann som vi kan lese om i 1. Mosebok. I 2. Mosebok leser vi om Israel i ørkenen som fikk

## **Bladet LOV og EVANGELIUM**

utgis av NLL og blir sendt gratis til alle som sender ekspedisjonen navn og adresse. Bladet kommer med 10 nr. i året. Gaver til bladet kan sendes til kasserer i NLL.

Abonnement, oppsigelse og adresseforandring sendes **ekspedisjonen** v/ Dag Rune Lid, 5600 Norheimsund, tlf. 56 55 26 72.

Ansvarlig for bladet:

Red.nemnda ved form. Ragnar Opstad  
Opstadv. 38, 4350 Nærø, tlf./fax 51433685

Faste medarbeidere i bladet:

Jon Espeland, Per Bergene Holm,  
Lars Fossdal og Dag Rune Lid.

## **NORSK LUTHERSK LEKMANNSMISJON**

ble grunnlagt i 1963 av venner av den luthersk-rosenianske forkynnelse, og ønsker å forkynne Guds Ord i skrift og tale både i Norge og ute på misjonsmarken. NLL har ytremisjonsarbeid i Peru.

Formann Karl B. Bø, Vistnesveien 13,  
4070 Randaberg, tlf./fax 51 41 87 46.

Sekretær Håvar Fjære, Goksjøruta,  
3220 Sandefjord, tlf. 33 11 08 31.

Kasserer Margrete Frafjord, 4164 Fogn,  
tlf. 51 71 06 29.  
Postgiro 0801.5682133.  
Bankgiro 3204.10.10222.

## **BIBELSKOLEN PÅ FOSSNES**

ble grunnlagt i 1992, og eies og drives av NLL. Skolen har både halvårig- og ettårig kurs, og det er også adgang til å følge undervisningen i kortere perioder.

Skolen ønsker å formidle tillit til Guds Ord og spørre etter de gamle stier (Jer. 6.16), samt fremme den arv vi har fra lekmannsbevegelsen og våre lutherske lærefedre.

Adr. 3160 Stokke  
Telefon 33 33 93 98. Fax 33 33 91 40.  
Bankgiro 2490.45.39496.  
Postgiro 0825.0771534.  
Rektor Per Bergene Holm,  
3282 Kvelde, tlf. 33 11 26 96.

slukke sin tørst med levende vann fra Klippen. "Den klippen var Kristus", sier 1. Kor. 10. Vi kan også tale om vannet som bilde på forkynnelsen. Og brønnen eller kilden som det livgivende vannet blir hentet fra, det er Guds Ord. Guds Ord er som et tveegg sverd. Lovens Ord og Evangeliets Ord. Her er det som føder nytt liv. Troen kommer av forkynnelsen, sier Rom. 10.

## **Samme problem i Jeriko som i Norge**

Elisa holdt seg i Jeriko, og her hadde de virkelige problemer(v.19). Det som er håpet i håpløsheten, er at de erkjenner sin nød og sitt problem. En veldig nød og åndelig tilstand som Herrens Ånd må vise oss, slik at det fikk tale til oss om den åndelige nød som råder mellom oss i dag. Her vil Guds Ånd få vise oss tre ting:

1. Grunnskaden
2. Smittekilden
3. Botemiddelet

Hva var det de oppdaget i Jeriko? Jo, hvor livsfarlig det er med dårlig vann(falsk forkynnelse). Vi får vite flere ting om tilstanden i Jeriko som kaster lys over vår egen åndssituasjon. Byen ligger godt til, leser vi. Ja, det er vel sant om det meste av vårt folk og land. Alt ligger så vel-

(Fortsettelse s. 15)

# Korleis sigre i åndskampen?

Av Dag Rune Lid

Tidlegare i vår kom eg over ein plakat for ei ungdomssamling som ein av våre største lutherske organisasjonar skulle ha i Porsgrunn no i sommar. Det var leiartrening for ungdomane i organisasjonen, og på seminara skulle ein få innføring i ml.a. drama, teater, fortellerteknikk, pantomime, lydeffektar, hip-hop, moderne dans, jazzballett, sketchboard, trylling, dokketeater osv.

Eg trur knapt eg har sett verdsleggjort kristendom presentert på ein så direkte måte før, og det er ufattelag at ein kristen organisasjon kan arrangere noko slikt. Når ein vil oppdra ein ny generasjon i Guds rike på denne måte, verkar det innlysande at ein må ha mist trua på Guds Ord i det kristne arbeidet. Underhaldninga har overteke – men den fører ikkje mennesket frå død til liv.

Då eg las det, kom eg til å tenkje på draumen som Andreas Lavik hadde om framtida for det kristne arbeidet. Han frykta at indremisjonsfolket skulle kome bort frå ordet om korset – Kristi stedfortredande liding og død – og ut på almenreligiøsitegens blomsterslette. Draumen er talande, og er teken med lenger bak i bladet.

I mange samanhengar ser me i dag korleis ein innan det kristne arbeidet har mist trua på Guds Ord og eksperimenterer med nye verkemiddel. Utviklinga går så fort, og blir ofte spreidd gjennom bibelskulor og vidare ut i ungdomsarbeidet. Der ein opnar opp for desse nye verkemidla, kjem ein inn på ein glideskala, og verdsleggjeringa får gripe meir og meir om seg, og til

## LEDER

slutt ser det ut for at det er umogleg å stanse utviklinga. Det er som ein flaum som riv ned store demningar. Dei ungdommane som blir dregne inn i dette ser ut til å bli heilt vaksinerte mot sann vekkingskristendom.

### Det gjeld himmel eller helvete

Me ser ein klar parallel i dag til det som skjedde med Israels folk før slaget på Karmel. Der møter me profeten Elias som ropar ut: "Kor lenge vil de halta til begge sider? Dersom Herren er Gud så fylg han! Og dersom Ba'al er det, så fylg han!"(1. Kongeb. 18.21) Me treng den same eld frå himmelen i dag som kan brenne opp alle våre verkemidlar, slik at Herren får verke mellom oss til dom og frelse med sitt Ord og si Ånd. Me kan tykkje Elias gjekk hardt fram, men han såg at det galdt himmel eller helvete, frelse eller fortaping – heile Guds folks lagnad.

Israels folk stod ved eit vegskilje. Jesabels ånd hadde fått slik innpass også mellom Guds folk, at Elias trudde han var aleine att. Men det var 7000 att som ikkje hadde bøygd kne for Ba'al, sjølv om dei stod der tause i den mektige åndskamp på Karmel. Mange er tause også i dag. Carl Fr. Wisløff seier om dette: "Så langt var de kommet i sløhet, at de ikke fattet alvoret. Så smittet var de blitt av Ba'aldyrkelsens vesen, at de bare stod der uten å svare." Er det ikkje slik det også er i dag. Lite og ingen reaksjon på det nye som blir innført i Guds rikes arbeid, og dei som seier frå, dei får det ikkje alltid så lett. Men Elias sa frå,

sjølv om han berre hadde Gud å stola på, men det var nok! Det er nok også i dag! Ein mann med Gud ved si sida er sterkare enn all vondskapens åndehær i himmelrommet, tenk det! "Se, for Jesu–navnet Satans hær må fly. Frem da, Kristi hærmenn, frem til seier ny!"

Elias vågde å gå ut på Herrens Ord og lovnader, og tok oppgjer med verdsleggjeringa – og Herren kjempa for han. I bøn til Herren fekk Elias oppleve "susen av regn" frå himmelen. Oppgjer med synd og verdsleggjering førte til regn, til liv, til velsigning – til vekking. Akkurat dette er det me treng i dag også, og akkurat det same kan skje i dag der Gud gjennom Ordet får slå ned. Då vil me få oppleve at Herren "døder og gjør levende" ved sitt Ord, og me vil erfare eld og regn – dom og frelse frå himmelen. Difor leitar også Herren i dag etter menn som kan gå til "Ninive" og rope ut bodskapen frå Herren. (Jonas 3:2) Slik at folket ikkje går til grunne under Guds vreide og dom.

## Sanne hyrdar

Det er med sorg ein må sjå på verdsleggjeringa som rår mellom Guds folk. Mykje nyt skal godtakast i Guds rikes arbeid. – Me har fått så mykje positiv respons! Folket vil ha det! Me kan ikkje vere så trongsynte!, seier mange. Så er det mange hyrdar som her sviktar sitt kall og si oppgåve og ikkje tek oppgjer med verdsleggjeringa. Ein "bryt" sakte men sikkert av Andens sverd, og dess meir ein slår av på Ordet, dess raskare går verdsleggjeringa. Kva er det Jesus seier til sine? "De er saltet på jorda! Men om saltet misser si kraft, kva skal det då saltast med? Det duger ikkje lenger til noko, utan å verta kasta ut og trakka ned av menneska." (Matt 5:13) Eit samfunn

som går i forråtning, er det ikkje det me opplever i dag?

Den hyrde som ikkje tar oppgjer med verdsleggjeringa, – fører folket bort frå Kristus. Jesus seier om slike: "Men den som forfører ein av desse små som trur på meg, for han var det betre om ein kvernstein vart hengd om halsen på han og han vart søkt i havsens djup." (Matt 18:6) Så alvorleg talar Jesus om dei som forfører sjelene – slik at dei går evig fortapt. Men for ein sann hyrde blir det naudrop og smerte når ein får sjå den sanne stoda i folket. "Profetane seier fram lygn, og prestane styrer etter råda deira, og folket mitt vil gjerne ha det slik. Men kva vil de gjera når enden på dette kjem." (Jer. 5:31) "Gjev hovudet mitt var vatn, og auga mitt ei tårekjelde! Då ville eg gråta dag og natt over dei drepne i folket mitt." (Jer. 9:1) Folket var kome inn i fråfallet, men dei ville ikkje erkjenne det som fråfall. Men Jeremias såg det leiarane i folket ikkje såg, at når sjelen blei ført bort frå Kristus, så førte det til åndeleg død, sjølv om det ytre sett kunne vere stor aktivitet. Om Den Sanne Hyrde står det: "Då han nærma seg og såg byen, gret han over han, og sa: Visste du berre, om så fyrst på denne dagen, kva som tener til fred for deg! Men no er det dult for augo dine." (Luk 19:41-42)

Det hadde vore noko anna om det var teater og underhaldning i verdsleg regi dei sysla med desse som var omtalte – då kunne ein ikkje forvente noko anna. Men i Guds rike fører desse verkemidlane sjelene bort frå Ordet, og dermed frå Kristus. Om slike er det Bibelen seier: "Dei er blinde vegvisarar for blinde, og når ein blind leier ein blind, fell dei begge i grøfta. (Matt 15:14) Det er det forferdelege. På dommedag vil Gud seie til dei som forførte sjelen: Vik frå meg de som gjorde urett! Me

har med ein Heilag Gud å gjere. Me må ikkje gløyme det.

Me må heller falle på våre kne og rope som Daniel: "Min Gud, vend øyra ditt hit og hør! Opna augo dine og sjå ruinane våre og byen som er nemnd med ditt namn! Det er ikkje våre eigne rettferdige gjerningar vi legg til grunn for dei audmjuke bønene våre som vi ber fram for åsynet ditt, men di store miskunn. Herre, hør! Herre, tilgjev! Herre, gjev akt og gjer det, dryg ikkje - for di eiga skuld, min Gud!" (Dan 9:18-19) Er det ikkje slik situasjonen er mellom kristenfolket mange stader i dag – nedrivne murar – verdsleggjeringa har fått trengt seg inn.

Så kan ein forsvare sine verdslege vegar til dommedag. Men på den dag vil alt som ikkje er gjort i Herren, brenne opp. Difor gjeld det å late elden frå himmelen brenne det opp medan det enno er nådetid. Difor ropar også Gud ut: "Vakna, du som søv! Stå opp frå dei døde, og Kristus skal lysa for deg." (Ef. 5.14) Der Kristus får lyse, kva skjer der? Der blir synda levande, der blir det behov for frelse, og der får Gud gripe inn.

### Ordet vinn siger i åndskampen

Guds rike er eit åndsrike – eit åndssamfunn, og Bibelen seier: "Me har ikkje strid mot kjøt og blod, men mot maktene, mot herrevelta, mot verdsens herskarar i dette mørkret, mot vondskapens åndehær i himmelrommet." (Ef 6.12) I denne kampen om sjelene er det berre åndsmakt frå himmelen og Andens sverd, Guds Ord, som sigrar. Difor seier også Jesus: "For utan meg kan de ingenting gjera." (Joh 15.5) Difor er det så tragisk i den åndskampen som rasar i dag, at ein trur ein skal vinne åndelege sigrar med verdslege midlar, men det er å stole på kjød. Kva seier Guds Ord om det?

"Forbanna er den mannen som lit på menneske og gjer kjøt til sin arm, som i sitt hjarta vik frå Herren." (Jer. 17.5) Forbanna – under Guds vreide og dom.

Korleis vinn Ordet siger i åndskampen? "Ikkje med makt og ikkje med kraft, men med min Ande, seier Herren, Allhers Gud." (Sakarja 4.6) Andens sverd er Guds Ord, (Ef. 6.17) og der Anden får nytte Ordet, der overbeviser han om synd, om rettferd og dom (Joh. 16.8), og då blir det behov for nåde og frelse. Her ligg løyndommen til siger i åndskampen. Der Guds Ande får svinge sverdet (Ordet), der vil ein oppleve at Ordet "er levande og verksamt og kvassare enn noko tvieggja sverd. Det trengjer igjennom heilt til det kløyver sjel og ånd, ledd og merg, og dømer hjartans tankar og råd." (Heb 4:12) Tenk for eit våpen – åndsmakt frå himmelen! Får dette mektige våpen slå ned mellom oss, då kan atter store sigrar bli vunne.

Brukar ein dette våpenet i åndskapen då, vil ein erfare som i fordums tid: "Ver ikkje redde! Denne store høren skal de ikkje ottast. For denne striden er ikkje dykkar men Guds..... Men det er ikkje de som skal strida her. De skal berre stilla dykk opp og stå og sjå korleis Herren frelser dykk.. Ottast ikkje og ver ikkje redde!.... Tru på Herren dykkar Gud, så skal de halde stand! Tru på profetane hans, så skal de ha lukke med dykk!" (2. Kr. 20) Då vil Ordet sigre i åndskampen!

Måtte Guds born i Noreg denne haust rope til Herren om at dette måtte skje, og at Herren kunne få sende eld frå himmelen over Guds rikes arbeid, så alt som ikkje er av Herren kunne brenne opp i åndeleg forstand. Han som svarte med eld på Elias tid kan også svare med eld i dag – han er den same igår og idag, ja til evig tid. Takk og lov for det!

# Salige er de fattige i ånden

Av Ludvig Hope

**Og han opplot sin munn, lærte dem og sa: Salige er de fattige i ånden; for himlenes rike er deres. (Mat. 5.2–3)**

Hva sinn og lyst eier så de som Jesus priser salige? Det er disse som fremfor alt vil vinne inn til Gud og berge sitt liv. Inne i barmen er det noe så trett og sorgtungt. Synden, dommen og anklagen der inne gjør livet så gått og usigelig fattig.

Den som kunde bli frelst! Den som kunde bli et Guds barn! Den som kunde finne fred! Den som kunde bli det en *ville* og *skulle* være, men.... men.... jeg når det ikke, jeg makter det ikke, jeg finner det ikke. Jeg har ikke evne, jeg har ikke kraft. Mitt sinn, min tanke, min vilje er ond, min bønn er uren og mine sukke blandet med onde tanker, min tro rekker ikke frem til Gud. Jeg er et hjelpeført menneske, jeg er som fugl i bur.

Disse er det som er fattige, sultne og tørste. Disse er det som vet om å tørre en tåre i sin dype armod, men disse er det Jesus priser salige.

Hvordan kan *disse* være salige?  
Fordi himmelriket hører dem til.  
Er du en av disse?

Jeg vet der er dem som får en tåre i øyet, og dypt der inne svarer du: Ja, jeg kjenner meg igjen i dette du har

sagt om å være fattig, men tør ikke si at jeg er salig. Nei, det kan så være at ikke du tør si det, men Jesus tør si det om deg, og da skal du trøste deg med denne Jesu trøst. Hans trøst hører deg til, det kan du være viss på. Ingen passer bedre sammen enn du og ham. Deg arme stakkar står hele hans frelses-favn åpen for. Alt det du ikke har, det har han, og alt er ditt.

For meg å få opphøyet  
du bar min skam og brøst,  
hva du så tungt har pløyet,  
er mig en evig høst.  
For himmelriket er ditt.

For dere kjenner vår Herre Jesus Kristi nåde, at han for deres skyld ble fattig da han var rik, for at dere ved hans fattigdom skulle bli rike. Er ikke dette evangelium for de fattige? Grip dette, du som sitter sorgtung i all din fattigdom, så skal du ikke bære være salig, men da skal du også kjenne at du er det.

Vi skal aldri være rike i oss selv, vi skal bare være rike i Kristus. Som de der intet har og dog eier alt. Slik er det å være i Guds rike. Den som har Kristus, har alt det han trenger.

Grip kun til, han gjerne vil  
være din med hva han eier,  
med sin død og seier.  
For himmelriket er ditt!

# – Eg fekk sjå inn i evangeliet



Det er Samson Lid frå Norheimsund i Hardanger, som uttrykkjer seg slik med tanke på korleis han kom gjennom til liv i Gud. Han var ein av dei som stod sentralt då Lekmannsmisjonen oppstod på byrjinga av 60-talet, og som sidan har vore med i dette arbeidslaget i Guds rike.

## Ungdomsår

Han er fødd i 1917. I ungdomsåra hans arbeidde det frilynde ungdomsarbeidet seg sterkt i bygdene i Hardanger, og han var aktiv med der. Men gjennom skule og konfirmasjonstid hadde han likevel fått kristen kunnskap som den Heilage Ande kunne nytte i si tid..

I 1940 var han med i slaget på Kvamskogen, og der måtte han sjå mange av sine gode vener liggje att på slagmarka. Då ropa han til Gud og lova at dersom Gud sparte han frå tyskarane sine kuler, skulle han overgje seg til han. Men då slaget var over og han kom heilskinna heim att, roa det heile seg ned, og han

braut sin lovnad til Gud som han hadde gjort så mange gonger før.

I 1942 gjekk han på skule i Sogn, og utover hausten kom det brev om at det var vekking i heimbygdene og at mange av kameratane var komne med. Han bestemte seg derfor for at når han kom heim til jul, så skulle han overgje seg til Gud. Då han kom heim, var det møte ein kveld mellom helgane, og på ettermøtet bøygde han kne. Mange kom etterpå og ynkste han velkommen med i laget. Han hadde teke sin beslutning, og no hadde han tenkt å halda den.

– Eg måtte attende til Sogn, og heile tida var det mi bøn til Gud at han måtte hjelpa meg til å leggja av synda, slik at eg kunne bli eit nytt menneske som kunne øera Gud. Men eg syntest det lukkast så lite for meg. Slik gjekk vinteren, og til våren kom han attende til Norheimsund. Der hadde vekkinga stilna, og flokken var ikkje lenger så stor.

Etter nokre år byrja han å byggje opp si eiga verksemd og vart mykje oppteken i forretningslivet. Han vart engasjert i sundagsskulen og anna kristeleg arbeid, men han opplevde at kristenlivet var eit strev og kav i ein stressa livssituasjon.

– Eg kunne ikkje forstå kvifor Gud ikkje kunne opna veg for meg og, slik eg etter kvart forstod at han hadde gjort for mange av dei som eg vandra i saman med. Slik voks det opp ein kritikk i hjarta mitt mot Gud, samstundes som arbeidspresset i verksemda stendig auka.

– Nede i Norheimsund hadde det vak-

se fram ein fin ungdomsflokk på bedehuset, og ein del unge ektepar var også med. På etterjulsvinteren i 1957 hadde dei ei møteveke, og Gud kom nær på ein spesiell måte slik at mange unge kom i sjelenaud og bad om forbøn, men ingen braut gjennom og mange gjekk utover våren og hadde det vondt, seier Samson Lid.

### Omvend meg du Herre

– I 1957 skulle Misjonssambandet, ha sommarskule på Valen i Sunnhordland. Desse dagane på Valen blei nokre merkelege dagar, og me blei skuldige for Gud. For min eigen del fekk eg sjå inn i mitt eige hjarta som eg aldri før hadde gjort på dei 14 åra sidan eg overgav meg til Gud i heimbygda.

– No var eg vorten ein syndar som ikkje på noko vis heldt mål for Gud. Det hadde nok mange gonger vore vanskeleg tidlegare også, men aldri som dette. I det store og heile så rekna eg meg ikkje som nokon større syndar enn alle dei andre, og eg hadde gjort alt eg kunne for å leva eit rett og redeleg kristenliv. Eg hadde kome til sommarskulen med bøn om at Gud kunne opna veg for meg, så eg kunne få glede meg i frelsa som dei andre. Men det var berre ein ting som stod i min tanke, og det var at Gud måtte gjera noko i meg. Til slutt måtte eg erkjenna for romkameraten min at no såg eg det umogleg for meg å bli frelst. Eg hadde derfor bestemt meg for å gje opp det heile og reise, men eg hadde lova nokre å få følgje med meg etter at sommarekulen var ferdig, og difor kunne eg ikkje reise heim.

– I denne situasjonen var eg då eg på

det neste møtet hadde plassert meg på bakarste benk nede ved døra, og det var Ole Brandal som skulle forkynne Guds ord for oss. Han tala frå Jeremia 31.18 "Omvend meg du Herre så blir eg omvendt, for du er Herren min Gud." Medan eg set og lyttar, så er det som Anden openberrar for meg korleis Gud frelsar syndarar for Jesu skuld, og det var som ei gardin vart trekt frå mitt indre auga. Eg fekk sjå dei som låg i ørkenen, stukne av giftige ormar, utan von. Men dei som såg opp på koparormen vart lœkte. Her møtte eg evangeliet. Her var løysinga for meg. Dette hadde eg aldri før fått sett inn i på denne måten, og dette løyste ut ei glede og ein hjartefred som ikkje kan forklarast med ord.

### Frelst av nåde

– Eg måtte sanne med Lina Sandell "Det er meg openberra at eg eig barnerett, at Gud med meg i Kristus er forsona." No kjende eg meg så att i Lina Sandell sine songar slik ho seier vidare: "Men kor den arme sjela då enno därar seg, Som trur at ho kan verta nåden verdig, Som fyrst vil døyda synda og sidan tru på deg Eingong når hennar betring rett vert ferdig, Som fyrst vil verta heilag og ven og rein og god, Og sterke i tru og kjoerleik og von og tålsamt mod – Og sidan verta barn i faderhuset!" Slik hadde eg streva i 14 år sidan eg bestemte meg fyrste gongen, og sjølv om det var den beste bestemmelsen eg har teke, så gav den ikkje fred i sjel og sinn.

– Men dette som hende kunne eg ikkje halda for meg sjølv, men bad kretssekretær Førevåg, som var møteleiar, om å få seie nokre ord før møtet slutta denne

kvelden. Med få ord fortalte eg møtelyden at i dag hadde eg, for fyrste gong i mitt liv, fått sett meg frelst av nåde i Kristus Jesus åleine, – i det verket han gjorde på Golgata for syndaren. Meir klarte eg ikkje å seia, men Førevåg, min gode ven, fortsette litt og fortalte kor ofte eg hadde hatt det vondt. Etter dette takka han Gud for dagen, og for Guds godheit mot oss.

– Dagen etter måtte eg stå til rettes for det eg hadde sagt kvelden før. Ein eldre forkynnare kom til meg og ville vita om det verkeleg var sant det eg hadde sagt, at eg aldri før hadde sett dette. For meg var det ikkje vanskeleg å svara på spørsmålet. For hans del ville dette vere med å stadfeste det som forkynnaren møtte rundt i kristenflokkane etter dei stor vekkingane under krigen. Dei møtte folk i alle aldrar, som for dei såg ut til å byggje heile kristenlivet og sitt arbeid i Guds rike på ein viljesbeslutning. Skulle desse forkynnaren prøve å hjelpe dei ved å forkynne synd og nåde, lov og evangelium, så verka det irritasjon, og dei blei borte frå møta.

– Seinare under sommarskulen, vart det også mange andre som fekk sjå seg løyst og fri, og fekk sjå inn i forsoninga sitt store under. Mellom dei mange som fekk sjå seg fri var der ein mann som gav uttrykk for at han hadde vore ein hyklar i 40 år, og no hadde han fått sett seg løyst og fri i Jesus åleine. Eg kjende ikkje denne mannen, men ein forkynnare som kjende han og som sat ved sida mi, nugga i meg og sa: "Det svøraste er at det er sant."

– For oss som var med på dette var, det ei uforgløymeleg tid, full av glede og

fred. Opplevinga og det som skjedde kan nok kome på avstand, men det me fekk sjå, – Jesus som frelsar og forsonar, – det treng me å få leva i kvar einaste dag med blikket festa på trua sin opphavsmann og fullendar, seier han.

### Vårtid i Norheimsund

– Ut på hausten i 1957 fekk me besök av Førevåg her i Norheimsund, og allereie på første møtet så sa formannen i ungdomslaget beint ut at det var fleire i flokken som ikkje fekk tru at dei hadde det rett med Gud. Alt etter det første møtet kom eit ektepar og bad om å få ei samtale med Førevåg, og dei fekk sjå seg løyst og fri i Jesus åleine. Det kom også same vitnemål frå fleire av dei som sat i styret i Ungdomslaget. På vitnemøtet den siste kvelden, sa formannen i styret at i kveld trudde han også hadde fått sett seg løyst og fri i det Jesus hadde gjort. Dette kom som eit sjokk på dei som ikkje kjende til kva situasjon dei unge var i, men for dei som gjekk å lengta etter å få vissa i si frelsessak, kveikte det von. Me fekk oppleve vårtid i åndelag forstand.

– Ein kan spørje kva som eigentleg hende. Me veit at i kristenflokkane som var att etter dei store vekkingane i krigsåra, var det kome naud. Dei såg situasjonen i folket og bad stadig om vekking, og at dette måtte byrja med dei. Les me "Vårloysing" så ser me at slik hadde det skjedd før også. No kom svaret. Gud sende oss forkynnurar som såg korleis stiltinga var. Desse forkynte synd og nåde – lova, slik at me vart skuldige for Gud, og slik at me fekk bruk for nåde og frelse i

Jesus aleine, og mange braut gjennom til eit frigjort kristenliv.

– No oppdaga me fyrst kva skattar me hadde i dei gamle salmane og songane av Brorson og Lina Sandell m.fl. Desse som hadde vore til velsigning frå slektledd til slektledd. Det var som Lina Sandell syng: "Nei, før enn verdas grunnvoll ved skapninga var lagd, Du unte meg i Kristus barnekåret. Å, eg som gjekk så lenge av tvil og vanmod plagd Og har på tunge trøeldomsåket bore. No tek eg til å skjøna, med undring eg det ser: Min Herre Gud og Fader, det alt av nåde er. No vil eg meg av nåden einast rosa." Vårt kjøraste lesestoff vart Bibelen og skriftene til Rosenius, Brandtzæg, Hope, Ø. Andersen m. fl. Vitnemåla blei noko heilt anna enn tidligare. No blei det Jesus ein fekk vitne om, og ikkje meg og mitt.

### Vekking me treng

– Eg ser det såleis at det er slike samvitsvekkingar som me opplevde desse åra, me også treng i dag. Då blir syndaren saka for den heilage Gud – då blir det behov for frelse i Jesus blod aleine. Les me "Vårloysing" av Oscar Handeland, Josef Tungeland si bok om vekkingane i Rogaland på byrjinga av dette århundre, eller Marie Monsen sine bøker frå Kina, så var det akkurat det same som skjedde i desse vekkingane som det me fekk oppleva innan Misjonssambandet på slutten av 50– og byrjinga av 60–talet. Det er ikkje noko nytt under sola. Der Guds Ande kjem inn og skapar samvitsvekking, der får ein oppleve store ting med Gud – der blir syndarar frelst. Men der får ein også oppleve at den vonde set hardt inn på å skape strid, og det opplevde også me.

– Den verdsleggjering me i dag opple-

ver mellom Guds folk, frelser ingen. Det me treng er vekking send frå himmelen, med ei klar forkynning av synd og nåde. Me treng lytte til Herrens ord: "Stå på vegane og sjå etter. Spør etter dei gamle stiane. Spør kvar vegen til det gode går, og ferdast på den! Så skal de finne kvile for sjelene dykker." (Jer. 6.16) Me er stor takk skuldig Oscar Hadeland for det han har gjeve oss gjennom "Vårloysing", og eg vil be misjonsvenene at de tek fram att desse 3 bøkene og les dei med omtanke. Det same gjeld Josef Tungland si bok om Sven Foldøen, og Marie Monsen si bok "Vekkelsen ble en åndens aksjon". Det er nyttig å sjå kva som har skjedd før når samvitsvekkingane kom, og ein byrja vitne om det ein hadde fått sett i Ordet – då kunne ofte reaksjonane på vitnemåla vere uforståelege. Eg ser ikkje bort i frå at me kan få oppleve slike vekkingar att, for også i dag er det ein del som er i naud over fråfallet mellom Guds folk og som ropar til Gud om vekking.

Han understrekar elles at han er svært glad for den normalisering som har skjedd mellom Misjonssambandet og Lekmannsmisjonen dei siste åra, og samstudendes understrekar han at det er eit bøneemne at denne normaliseringa må nå ut til grasrota i misjonsfolket. – Guds rike er eit heilagt samfunn som går på kryss av organisasjonsgrensene. Eg trur at i den trengsla som me framover kjem til å gå inn i, med fråfall frå Guds Ord og følging av dei som står fast på Ordets grunn, så trur eg det er naudsynt å ha kontakt på kryss av dei ulike arbeidslaga der ein kan få vere med å oppmunstre og kveikje kvarandre, så ein ikkje blir ligjande etter på vegen, avsluttar Samson Lid.

